



## Møtebok for Utval for levekår

**Møtedato:** 30.01.2018  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00 – 13.30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Torunn Skurtveit	MDG	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Stian Lavik	KRF	Nestleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem
Are Nygård	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Tom Inge Karlsen	AP
Øystein Berland Blom	H

---

Etter møteslutt kl. 13.30, var det besøk i Espira Marthahaugen barnehage.  
Beate Eknes (V) fekk permisjon frå kl. 13.30.

### Desse møtte frå administrasjonen:

Rådgjevar pleie, omsorg og sosiale tenester Helge Kvam  
Rektor Hilde Hugaas og leiar Barneverntenesta, Kjell Ølnes, i sak 04/2018  
Leiar for barnevernet i Alver kommune, Sissel Frotjold, i sak 05/2018  
Rektor Danielsen Ungdomsskule Frekhaug, Øystein Lossius, i sak 06/2018  
Skulefagleg rådgjevar, Reidun Johannessen, i sak 07/2018  
Leiar Meland Frivilligsentral, Nina Randal, i sak 08/2018

---

05. januar 2018

Sølvi Norunn Knudsen  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
01/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2018	Godkjenning av møtebok
03/2018	Referatsaker
04/2018	Orientering om ungdomsmiljø i Meland
05/2018	Orientering barnevern i Alver kommune
06/2018	Pedagogisk tilstandsrapport
07/2018	Samarbeidsutval (SU) i barnehage og skule
08/2018	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom
09/2018	Utviding av disposisjonsrett gnr/bnr 27/191 Moldekleiv for Austebygda Fritidspark
10/2018	Aktuelle saker
11/2018	Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - 1. rullering av handlingsplan for 2018/19

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		18/11

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Utval for levekår - 01/2018

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/11

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 28.11.2017

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjent.

### Utval for levekår - 02/2018

### ULK - behandling:

### ULK - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Rita C. Kvalheim Sætre		18/11

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
03/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2018.1	Høyring - søknad om etablering av 2 nye reservedrosjeløyve i Nordhordland Taxisentral
03/2018.2	Mål- og handlingsplan for grunnskulen i Meland 2018 – 2020
03/2018.3	Referat SMU/SU 28.11.2017

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Utval for levekår - 03/2018

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - C01	18/123

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
04/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Orientering om ungdomsmiljø i Meland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår ønskjer ei orientering om vurdering av status i ungdomsmiljø i Meland.

Leiar tenestemråde barnevern v/Ølnes samt rektor Meland ungdomsskule v/Hugaas vil gje ei orientering. Aktuell presentasjon vert delt ut i møte.

### Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om ungdomsmiljø i Meland til vitande.»

### Utval for levekår - 04/2018

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om ungdomsmiljø i Meland til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - F47	18/122

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Orientering barnevern i Alver kommune

### Vedlegg:

Prosjektmandat felles barnevern Meland - Radøy - Lindås - forprosjekt versjon 21.03.17

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Viser til orientering i Utval for levekår 30.05.17 sak 46/2017.

Det vert gjeve ei oppdatert orientering om status i arbeidet med felles barnevern for Meland, Radøy og Lindås.

Prosjektleiar Sissel M. Frotjold vil saman med leiar tenestemråde barnevern Kjell ØInes informera. Aktuell presentasjon vert delt ut i møte.

## Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

## Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om status i prosjekt felles barnevern for Meland, Radøy og Lindås til vitande.»

## Utval for levekår - 05/2018

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår tek informasjon om status i prosjekt felles barnevern for Meland, Radøy og Lindås til vitande.



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A13, FA - B08	18/127

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Pedagogisk tilstandsrapport

### Saksopplysningar:

Rektor på, Danielsen ungdomsskule (Frekhaug), er invitert til Utval for levekår for presentere skulen sin pedagogiske tilstandsrapport.

### Utval for levekår - 06/2018

#### ULK - behandling:

#### Framlegg til vedtak i møte:

"Utval for levekår tek informasjon om Danielsen ungdomsskule til vitande."

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### ULK - vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om Danielsen ungdomsskule til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Reidun Elin Johannessen	FE - 033	18/125

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
07/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Samarbeidsutval (SU) i barnehage og skule

### Vedlegg:

Medlem+av+SU+NN+12+2.utgave (2)

### Saksopplysningar:

Meland kommune deltek i [KS](#) sitt utviklingsprogram «[Den gode barnehage- og skuleeigar](#)». Dette er eit utviklingsprogram for politikarar og administrative leiarar. Målsetjinga er å forbetre styringsdialogen mellom dei ulike hierarkiske nivåa (tette gap). Eit av tiltaka i Meland er å styrke arbeidet i Samarbeidsutvala (SU) i barnehage og skule.

SU er det øvste samarbeidsorganet i skule og barnehage, og er heimla i opplæringslova § 11-1 og i barnehagelova § 4. Barnehagen og grunnskulen byggjer på demokratiske verdiar. Alle dei viktige partane i skule- og barnehagesamfunnet er representert i SU. SU er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna ledd for alle partar i skule- og barnehagesamfunnet.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) har publisert heftet « [Medlem av skulen sitt samarbeidsutval](#) ». FUG håper at publikasjonen bidrar til at arbeidet i SU blir interessant og meningsfylt. Foreldreutvalet for barnehagar ([FUB](#)) gir på sine sider følgjande tips:

### Tips til samarbeidsutvalget:

- Definer hva utvalget legger i "samarbeid" og hva de mener er et reelt samarbeid.
- Avklar hvilke områder det skal samarbeides om.
- Avklar hvilke områder barnehagepersonalet skal håndtere og hvilke områder foreldrene skal håndtere.
- Sikre at det sitter foreldre i SU som representerer eventuelt minoritetsspråklige foreldre.
- Konflikthåndtering: Diskuter hvordan en kan håndtere eventuell uenighet med barnehagepersonalet og foreldre.

I forkant av utvalsmøtet den 30. januar vert utvalsmedlemmane oppfordra til å tenkje igjennom følgjande punkt:

*Basert på di erfaring som politisk representant i SU (barnehage eller skule):*

- *Kva lukkast SU med i dag?*
- *Kva kan bli betre for å styrke formålet med SU?*
- *Kva tenkjer du om di rolle som politisk representant?*

## **Framlegg til vedtak:**

Utval for Levekår drøfta saka og kom fram til følgjande:

- ULK ynskjer at alle SU-referat kjem på sakskartet som referatsaker.
- ULK-medlemmer tar opp i sine respektive SU korleis ein ser for seg at ein kan styrka kontakten mellom SU og ULK som representant for skuleigar og politiske prosessar.
- I neste workshop mellom ULK og rektorar kan ein drøfta korleis arbeidet i SU og samarbeidet med politisk nivå kan utviklast vidare.

### **Utval for levekår - 07/2018**

#### **ULK - behandling:**

##### **Framlegg til vedtak frå Stian Lavik (Krf):**

- ULK ynskjer at alle SU-referat kjem på sakskartet som referatsaker.
- ULK-medlemmer tar opp i sine respektive SU korleis ein ser for seg at ein kan styrka kontakten mellom SU og ULK som representant for skuleigar og politiske prosessar.
- I neste workshop mellom ULK og rektorar kan ein drøfta korleis arbeidet i SU og samarbeidet med politisk nivå kan utviklast vidare.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### **ULK - vedtak:**

- ULK ynskjer at alle SU-referat kjem på sakskartet som referatsaker.
- ULK-medlemmer tar opp i sine respektive SU korleis ein ser for seg at ein kan styrka kontakten mellom SU og ULK som representant for skuleeigar og politiske prosessar.
- I neste workshop mellom ULK og rektorar kan ein drøfta korleis arbeidet i SU og samarbeidet med politisk nivå kan utviklast vidare.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nina Randal	FE - 233	17/2744

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
08/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

### Vedlegg:

Søknad Kystgarden Ypsøy  
Søknad Meland Frivilligsentral - Kultur på kort  
Søknad Meland Frivilligsentral - Aktiv sommar  
Søknad Meland Frivilligsentral - Ferieaktivitetar for born og ungdom  
Prioritert liste knutepunktsgurppa  
Ungdomsrådet uttale - Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Barne, ungdoms og familiedirektoratet (BUFDIR) lyser ut midlar mot barnefattigdom årleg.

*Målet med tilskuddsordningen er å motvirke og/eller dempe konsekvensene av fattigdom blant barn og ungdom. Tilskuddsordningen skal være et virkemiddel for å bedre mulighetene for at flere barn og ungdom skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie- og fritidsaktiviteter, uavhengig av foreldrenes inntekt og sosiale situasjon. Det skal ikke stilles krav om kunnskap, politisk ståsted eller religiøs bakgrunn for å delta. Tilbudet skal så langt det er mulig ha lave eller ingen kostnader. I tillegg er det et mål at tiltakene bidrar til et mer inkluderende fritidsmiljø.*

For at søknadane frå Meland skal vera støtteberettiga er det eit krav at kommunen har ein knutepunktfunksjon. Denne funksjonen er knytta til tenesteområde kultur ved Frivilligsentralen.

Søknadane skal vurderast administrativt og politisk. Det skal leggjast til rette for at barn og ungdom kan delta og ha innflytelse i prioriteringa. Ved fleire enn tre søknader skal søknadene prioriterast.

Ei administrativ gruppe (knotepunktsgurppe) der representantar frå Barnevernet, PPT, Helsestasjonen, NAV, Psyisk helse og rustenester, flyktningetenesta, skulerådgevar og kultur set opp ei liste med vurdering og prioritering. Lista blei presentert i Ungdomsrådet for innspel 17.januar. Vurderinga av søknadene skal ha bakgrunn i Bufdir sine krav om aktivitetar det kan søkjast tilskot til:

*a) bidrar til at barn og ungdom berørt av fattigdomsproblem er og deres familier kan delta i kultur- og fritidsaktiviteter*

*b) bidrar til at barn og ungdom berørt av fattigdomsproblem er og deres familier kan delta i ferieaktiviteter*

*c) bidrar til deltakelse for barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer på alternative mestringsarenaer*

*Bufdir kan i saksbehandlingen vektlegge følgende for 2018:*

*Søknader fra kommuner og bydeler med store levekårsproblemer.*

*Tiltak som skjer i et samarbeid mellom frivillig sektor og forebyggende tjenester.*

*Tiltak som fremmer integrering av barn og ungdom med innvandrerbakgrunn.*

*Tiltak som retter seg mot barn og ungdom som vokser opp med foreldre med rusproblemer/psykiske vansker.*

Når lista med prioritering og grunngjeving er politiske behandla skal ho sendast til Bufdir for behandling.

### **Vurdering**

Barne fattigdomsmidlar til prosjekt i Meland tidlegar år førte til godt mottekne tilbod der målgruppa bei nådd. Gjennom knutepunktsgruppa har tilboda nådd målgruppa.

Det er komme inn 4 søknader frå Meland.

Knutepunktsgruppa har i møte 10.januar sett opp følgjande prioritert liste med vurdering / grunngjeving:

1. «Aktiv sommar i Meland» Meland frivilligsentral
2. «Kultur på kort» Meland Frivilligsentral
3. «Ferieaktivitetar for barn og ungdom» Ungdomslaget Framsteg
4. «Kystgarden» Kystgarden Ypsøy

Søknadane og vurdering/grunngjeving frå knutepunktsgruppa følgjer saka som vedlegg.

Ungdomsrådet handsama saka i møte 17.januar, der dei gjorde ei vurdering av søknadane og knutepunktsgruppa si liste og kom med følgjande innspel.

1. «Ferieaktivitetar for barn og ungdom» Ungdomslaget Framsteg
2. «Kultur på kort» Meland frivilligsentral
3. «Aktiv sommar i Meland» Meland frivilligsentral
4. «Kystgarden» Kystgarden Ypsøy

Vurdering og grunngjeving frå Ungdomsrådet følgjer saka som vedlegg.

### **Konklusjon**

Knutepunktsgruppa har vurdert søknadane og sett opp prioriteringsliste slik Bufdir krev.

Ungdomsrådet har gitt innspel til lista og foreslår endringar på prioriteringslista.

**Framlegg til vedtak:**

Alternativ 1:

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadene til Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga frå Knutepunktsggruppa.

Alternativ 2:

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadene til Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga frå Ungdomsrådet sak .

**Utval for levekår - 08/2018****ULK - behandling:****Avrøysting:**

**Alternativ 1:** Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadene til Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga frå Knutepunktsggruppa.

Alternativ 1 fekk **8 røyster for (1 Sp, 1 Krf, 2 AP, 1 H, 1 Uavh., 1 V, 1 MDG) og 0 røyster mot**, og **vart vedteke**.

**Alternativ 2:** Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadene til Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga frå Ungdomsrådet si sak.

Alternativ 2 fekk **0 røyster for og 8 røyster mot (1 Sp, 1 Krf, 2 AP, 1 H, 1 Uavh., 1 V, 1 MDG)** , og **fall**.

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadene til Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga frå Knutepunktsggruppa.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - L74, FA - D39, FA - C11	18/107

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018
	Kommunestyret	PS	

## Utviding av disposisjonsrett gnr/bnr 27/191 Moldekleiv for Austebygda Fritidspark

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Austebygda Fritidspark søker om utviding av disposisjonsrett for nye 20 år på gnr/bnr 27/191 på Moldekleiv, like sør for Grasdal skule. Matrikkeleininga er i kommunalt eige og vart oppretta i 2005 i samband med etablering av ballbinge, anleggsnummer 52265. Søknaden står i samheng med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av BMX-bane/nærmiljøanlegg. Slik godkjenning er kravd i forkant av tiltaket for å kunne søkje om spelemidlar i ettertid. For å kunne kvalifisere for spelemidlar må søkjar ha bruks- eller disposisjonsrett på grunn i 20 år, og sidan dagens rett vart gitt i samband med spelemiddelsøknaden i 2005, må han fornyast.

#### Vurdering

Austebygda Fritidspark (søkjar) har drifta ballbinga sidan 2006 på frivillig basis, med inntekter mellom anna gjennom kontingent frå husstandar i nærmiljøet. Ballbingen er godt vedlikehaldt og står saman med andre opparbeida område aust på arealet. Søkjar har lenge hatt ønske om å etablere ein BMX-bane i området, og arealet sørvest for ballbingen har i arealdelen av kommuneplanen formål til idrett, etter innspel frå søkjar. I denne omgang ønskjer søkjar å etablere ein mindre bane på det arealet dei allereie disponerer, eit tiltak som er festa i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019* (idrettsplanen), og er i tråd med gjeldande reguleringsplan samt hovudmåla for eigenorganisert aktivitet i idrettsplanen.

#### Folkehelse

Tiltaket legg opp til ei styrking av eigenorganisert aktivitet i nærleiken av Grasdal skule. Denne typen aktivitet er ei viktig satsing i idrettsplanen, definert som «...aktivitetar organisert av den einskilde for sosial samling, rekreasjon, mosjon og trening». Høva til å drive eigenorganiserte aktivitetar er viktig for ungdom, som ofte går ut av den organiserte idretten ved overgangen frå barndommen, med redusert aktivitetsmengde som resultat. Etablering av BMX-bane vil vere svært positivt for folkehelsa til barn og unge i Grasdalkrinsen, som ikkje har gang- og sykkelveg til kultur- og idrettstilbod i Frekhaugområdet, og som treng gode sosiale og spontane møteplassar i nærområdet sitt.

#### Miljø

Tiltaket vil måtte oppfylle gjeldande krav, og rette seg etter føresetnadane i idrettsplanen, kap. 2.3.

#### Økonomi

Tiltaket skal gjennomførast av søkjar for spelemidlar og innvilga tilskot frå Gjensidigestiftinga. Søkjar har eigenkapital til å mellomfinansiere spelemiddeldelen av finansieringsplanen. Utviding av lysanlegget må vurderast nærmare i samband med driftsbudsjettet, samt eventuelle spelemidlar til lys/nærmiljøanlegg.

### **Konklusjon**

Austebygda Fritidspark bør få utvida disposisjonsretten med nye 20 år.

### **Framlegg til vedtak:**

Austebygda Fritidspark får disposisjonsrett på gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode på 20 år. Disposisjonsretten er knytt til formålet om etablering og drift av nærmiljøanlegg.

### **Utval for levekår - 09/2018**

#### **ULK - behandling:**

#### **ULK - vedtak:**

Austebygda Fritidspark får disposisjonsrett på gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode på 20 år. Disposisjonsretten er knytt til formålet om etablering og drift av nærmiljøanlegg.



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		18/11

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018

## Aktuelle saker

### Utval for levekår - 10/2018

#### **ULK - behandling:**

1. Kjersti Vikebø Nesse (Ap) viser til sak 87/2017, punkt 1. Etterspør om sak kjem til Utval for levekår i mars.
2. Utval for levekår ønskjer å invitere Psykisk helse og rusteneste til møte i mars. Tema er relatert til sak 04/2018 og ungdomsmiljø i Meland.

#### **ULK:**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - F03, FE - 144	18/207

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
11/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018
	Kommunestyret	PS	

## Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - 1. rullering av handlingsplan for 2018/19

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i KS-11/2014 *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*. Planen legg opp til å rullere handlingsplanen kvart år i planperioden, som kommunen si prioritering av eigne tiltak, prioritering av spelemiddelsøknadar og forankring til andre søknadsordningar, som del av vedteken kommunal plan for idrett. Førre rullering var i 2017, KS-128/2017. Som i 2015/16 er det i år naudsynt med to rulleringar, for å justere etter faktiske forhold ved utviklinga av dei private anlegga i kommunen.

#### Vurdering

Følgjande er Meland kommune si prioritering for ordinære anlegg:

Prioritet	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Kunstgrasbane 29x49m	Vestbygd skule	Ferdig	2016
2	Kunstgrasbane III med halloverbygg, lager og garderobar	Fossemyra idrettspark	Planlegging 2018	2018
3	Kunstgrasbane II – rehabilitering	Fossemyra idrettspark	Planlegging 2018	2018
4	Skytebane, innandørs	Espetveit	Planlegging 2018	2018-19

5	Lyssett turveg	Frekhaug	Planlegging 2018	2019-20
6	Sjøsportsanlegg	Flatøy	Under planlegging	2019-
7	Turpadling, brygge	Vikebø	Planlegging 2018	2018
8	Turkart		Planlegging 2019	2019
9	Driving range – oppgradering, samt takoverbygg	Meland Golf	Planlegging 2018	2018
10	Øvingsområde/ golfsimulator	Meland Golf	Planlegging 2018	2018
	Turpadling, båthus	Vikebø	Nybygg	
	Løpebane	Fossemyra	Nybygg	
	Sandvolleyballbane	Fossemyra	Nybygg	
	Sykelrampe	Fossemyra	Nybygg	
	Tennisbanar	Fossemyra	Nybygg	
	Kyststi	Varnappen- Dalstø	Nybygg/rehabilitering	
	Avlastingshall	Grasdalen	Nybygg	
	Rideveg	Kårbø	Nybygg/rehabilitering	
	Lyssett turveg	Vikebø	Nybygg/rehabilitering	
	Terrengsykkelanlegg		Nybygg	
	Fleirbrukshall	Meland Aktiv	Nybygg/rehabilitering	

Følgjande er Meland kommune si prioritering for nærmiljøanlegg:

<b>Prioritering</b>	<b>Anlegg</b>	<b>Stad</b>	<b>Kommentar</b>	<b>År</b>
1	Turstiar	Holsnøy/Flatøy	Pågåande	2014-19
2	Tuftepark/treningspark/ aktivitetsanlegg	Frekhaug torg	Planlegging 2018	2018
3	Tuftepark/treningspark/ aktivitetsanlegg	Holsnøy meieri	Planlegging 2018	2019
4	BMX	Austebygda Fritidspark	Planlegging 2018	2018
5	Tuftepark/treningspark	Haltejohansvika	Nybygg	2019
6	Aktivitetsflate	Fossemyra	Nybygg	2018-19
	Paintballbane	Holsnøy	Nybygg	
	Orienteringskart	Holsnøy	Nybygg/rehabilitering	
	Friluftsanlegg	Rylandsneset	Nybygg	
	Friluftsanlegg	Varnappen	Nybygg	
	Fiskeplass	Frekhaug	Nybygg	
	Friluftsanlegg	Skjelanger	Nybygg	
	Ballbane	Holmemarka	Rehabilitering	
	Ballbane	Ådland	Rehabilitering	
	Ballbane	Husebø	Rehabilitering	

	Klatrevegg	Rosland	Nybygg	
--	------------	---------	--------	--

Uprioritert liste:

Anlegg	Stad	Kommentar
Svømmehall med varmebasseng		Regionalt anlegg
Sjøbad		Regionalt anlegg
Kunstgrasbane	Leirdalen	Nybygg/rehabilitering
Løpebane utviding	Leirdalen	Nybygg/rehabilitering
Ballbanar andre		Nybygg/rehabilitering
Treningsanlegg		Fleire under planlegging

**Folkehelse**

Tiltaka har stor innverknad på folkehelsa i kommunen

**Miljø**

Tiltaka har påverknad på miljøet

**Økonomi**

Saka har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomien. Tiltak som kommunen kan stå for må eventuelt følgjast opp i økonomiplanen.

**Konklusjon**

Framlegg til 1. rullering for 2018/19 av handlingsplanen i Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

## **Utval for levekår - 11/2018**

### **ULK - behandling:**

### **ULK - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.